

# Årsmelding 2024 for Ekerhovd Indremisjon,

org.nr.: 998 894 123

## Arbeidet på bedehuset i 2024, i alt var det 27 arr. / møte:

**5 evangeliske møte**, 4 v/ NLM og 1 v/ NMS. **8 Formiddagstreff**, hjarteleg takk til Bente og Mathias, Rita og Tore som har ansvaret for Formiddagstreffa, som er kjekke arr. for bygda.

**Formiddagstreffet 4. des. var juleavslutninga til bedehuset i 2024.** Det var fint å koma saman, syngja julesongar m.m., høyra juleevangeliet og nyta julegraut i lag! Det har dei siste åra vore så dårleg frammøte på tradisjonell julefest, som er eit arbeidskrevjande arrangement, at bedehuset (til så lenge) ikkje arrangerer tradisjonell julefest. Og då er det godt å ha Formiddagstreffet i desember!

**6 Bone- og delekveldar m/ sang** som Bente og Mathias leiar. Godt å koma saman i bøn, dela Guds Ord og syngja i lag.

**Årsmøtet 18. mars.** Jan Helge hadde andakt og las årsmeldinga, Judith gjekk gjennom årsrekneskapen; årsmøtet godtok årsmeldinga og årsrekneskapen.

**4 Tirsdagklubb-kveldar** inkludert møtet i april; då vart det bestemt at klubben skulle ta ein pause etter 21 års drift. Vi vonar og ber om at barnearbeidet kan starta opp igjen og nye krefter kan engasjera seg på bedehuset i dette viktige «såmannsarbeidet». Takk til Margunn, Kari Anne, Arvid og Jan Helge som har drive Tirsdagsklubben dei siste åra.

Men også gledelege ting skjedde på bedehuset i 2024:

**På Felles Bibelkveld v/ Johnn Hardang i april**, var det som vanleg godt frammøte, veldig kjekt å møta folk frå mange bedehus på desse kveldane.

**Og basaren 5. okt.** som gav rekordbeløpet 41.330 kr inn til bedehuset, godt frammøte!

**17. mai-arr. på bedehuset**, Også i 2024 hadde **Grendalaget** arr. , men det var dessverre få som kom innom.

**Styret i 2024:** Leiar og sekretær, møtekoordinator og kontaktperson for organisa-sjonane: Jan Helge. Styremedlemmer Gunnar og Judith som held fram som kasserar.

**Val:** Judith stod på val og tok gjenval. Gunnar og Jan Helge stod ikkje på val i 2024.

**Arbeidet i styret** har skjedd ved mange samtaler, tlf-samtaler og SMS-ar.

Judith og Jan Helge har vore utsendingar til div. møte i samband med etableringa av AS Fjell-ly, og Ekerhovd Indremisjon har kjøpt 5 aksjar à kr 1000.

Denne saka var oppe på årsmøtet 2024.

**Medlemstalet i 2024 var 22.** Talet på medlemmer har vore stabilt i fleire år, men vi vonar at fleire melder seg inn i Ekerhovd Indremisjonsforeining. For det er mange som seier dei er glade i bedehuset, er takksame for at vi tek vare på det og har møter og div. arr. Vi meiner årskontingenten på 100kr ikkje burde skremma nokon frå å bli medlem....

**Heimesida [www.ekerhovdbedehus.no](http://www.ekerhovdbedehus.no)** vart også i 2024 drifta av Roger Dyrøy, stor takk til Roger!

**Vedlikehald / utbetringar:** Parkeringsplassen vart planert og asfaltert og gode hjelparar sette opp betongklossar for å sikra plassen. Kostnad: kr 39.312,50

**Pianoet vart stemt,** det var på høg tid....

Takk til: Thor Bernard Tobiassen som også denne gongen har revidert årsrekneskapen. Takk til Eivind som gir oss tonefyllgje på mange møte og arr. Takk til alle som støttar bedehuset økonomisk og i forbøn og bedehusforeininga som trufast år etter år arbeider for bedehuset slik at vi kan ta vare på det. Og framfor alt takk til Gud for fred i landet og at vi klarer å ta vare på huset «midt i bygda». Menneske i alle aldrar er velkomne til bedehuset der vi har det kjekt i lag og får høyra Guds Ord til frelse for alle som tek imot evangeliet. Vår bøn er at vi alle vert bevarte i trua på Jesus Kristus, at nye menneske skal koma til tru og at fleire blir med i arbeidet på bedehuset.

Liaskjæret 4. mars 2025

Jan Helge Lie